



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	19.05.2015
Tid:	13:30 – 18:55

Medlemer som møtte:

Camilla Storøy	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP

Forfall:

Tor-Sindre Steinsvik	MEDL	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	MEDL	H

Varamedlemer som møtte:

Sigurd Voldsund Nygard	Ann-Kathrin (Tine) Storøy	H
Richard Klungsøyr Gjerde	Tor-Sindre Steinsvik	H

Andre: Rådmann Oalus Jon Kopperstad Eigedomsleiar Robert Myklebust
 Utviklingsleiar Jarl Martin Møller Planleggar Berit Sandvik Skeide
| Planleggar Aleksander Zahl Tarberg Sekretær Brit Berge

Møtet var annonsert i Vestlandsnytt og innkalling var sendt til medlemene og dei fremste varamedlemene.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart valt Sigurd Voldsund Nygard og Karly Teige.

Sigurd Voldsund Nygard fekk permisjon kl. 18:35, under drøfting av saker u.off.

Kjell Runde fekk permisjon kl. 18:50.

Delt ut i møte:

Uttale til sak om organisasjonsendring ved utviklingsavdelinga, anleggs- og driftsavdelinga og eigedomsavdelinga

Spørsmål, orientering og drøfting i møte:

Per Kristian Furø har fått ein henvendelse frå bebuar på Holmsild brygge med spørsmål om samanslåing av to leiligheter på Holmsild. Eigedomleiaren møtte og orienterte.

Kjell Runde stilte spørsmål om kva ein gjer med mangelen på fastlegar i Herøy kommune.

Formannskapet seier ja til felles formannskapsmøte med Ulstein kommune 9. juni 2015 kl. 14:00.. Møtet vert i Ulsteinvik.

Ein reiser frå Fosnavåg kl. 13:30.

Formannskapsmøtet 16. juni vert flytta til måndag 15. juni.

Ein lyt og satse på å avvikle eit formannskapsmøte i forkant av kommunestyremøtet 25. juni for å behandle reguleringsplan helse og omsorgssenterområdet.

Møtet vart til slutt lukka for orientering om og drøfting av saker u.off.:

underskrifter

Sigurd Voldsund Nygard

Arnulf Goksøyr

Karly Teige

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 88/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 89/15	Protokoll frå førre møte
PS 90/15	Delegerte saker
PS 91/15	Referatsaker
PS 92/15	Vurdering av mogelege organisatoriske endringar.
PS 93/15	Budsjettkontroll per 31.03.2015
PS 94/15	Offentleg ettersyn. Detaljreguleringsplan for gnr. 37, bnr.222 mfl.
PS 95/15	Detaljreguleringsplan indre Moltumyr gnr. 60 bnr. 32 m.fl - oppstart av planarbeid
PS 96/15	Indre Moltumyr bustadfelt - Avtalar om makebyte for offentlig tilkomstveg
PS 97/15	Detaljreguleringsplan for Myklebustvatnet vest II - Slutthandsaming
PS 98/15	Detaljreguleringsplan for FV 654 Indre Herøy kyrkje - Stokksundbrua. Sluttbehandling.
PS 99/15	Reguleringsendring for deler av Trolldalen - Slutthandsaming
PS 100/15	Innfartsveg Fosnavåg. Grunnavtale mellom Herøy kommune og eigarar av gnr 37, bnr 506.
PS 101/15	Risiko- og sårbarheitsanalyse , heilskapleg analyse 2015
PS 102/15	Busetting av flyktingar 2014-2016
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 6/15	Serverings- og/eller skjenkebevilling - søknad om endring
	Referatsaker
RS 25/15	Årsrapport og -rekneskap 2014 for Stiftinga Sunnmøre Museum
RS 26/15	Møtebok frå ordinær generalforsamling i Tussa Kraft AS

PS 88/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 89/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 90/15 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 91/15 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 92/15 VURDERING AV MOGELEGE ORGANISATORISKE ENDRINGAR.

Møtebehandling:

Uttale til saka frå NITO – Herøy vart delt ut i møte.

Rådmannen orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 19.05.2015

Formannskapet tek til vitande planane om organisatoriske endringar ved anlegg- og driftsavdelinga, eigedomsavdelinga og utviklingsavdelinga.

Formannskapet godkjenner at vakante stillingar (3) knytt til anlegg- og driftsavdelinga, og utviklingsavdelinga kan lysast ut slik det går fram av saka.

PS 93/15 BUDSJETTKONTROLL PER 31.03.2015

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 19.05.2015

Budsjettkontrollen per 31.03.2015 vert teke til vitande.

PS 94/15 OFFENTLEG ETTERSYN. DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 37, BNR.222 MFL.

Møtebehandling:

Planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 19.05.2015

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova, § 12-10, å leggje framlegg til detaljreguleringsplan for gnr. 37, bnr. 222 mfl., ut til offentleg ettersyn i seks veker.

PS 95/15 DETALJREGULERINGSPLAN INDRE MOLTUMYR GNR. 60 BNR. 32 M.FL - OPPSTART AV PLANARBEID

Møtebehandling:

Camilla Storøy reiste habilitetsspørsmål. Kjærasten hennar har skrive under på brev med innvendingar frå oppsitjarar i området for reguleringsplanen. Ho går frå under handsaming av habilitet. Camilla Storøy vart kjend habil mot 2 røyster.

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte. Formannskapet kom med slikt tillegg til tilrådinga:

- Planavgrensing vert utvida austover til reguleringsplan Myrabakken og reguleringsplan for gang- og sykkelveg på Moltu

- Formannskapet ber om at det vert utgreia alternative tilkomstar til det nye bustadfeltet frå fylkesvegen.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Formannskapet sitt tillegg til tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 19.05.2015

Formannskapet vedtek at det i medhald av PBL § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område ved «indre Moltumyr» på Moltustranda.

- Planavgrensing vert utvida austover til reguleringsplan Myrabakken og reguleringsplan for gang- og sykkelveg på Moltu
- Formannskapet ber om at det vert utgreia alternative tilkomstar til det nye bustadfeltet frå fylkesvegen.

PS 96/15 INDRE MOLTUMYR BUSTADFELT - AVTALAR OM MAKEBYTE FOR OFFENTLEG TILKOMSTVEG

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte.

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 2 røyster.

Kjell Runde (Folk/SP) og Sigurd Voldsund Nygard (H) røysta mot.

Tilråding i Formannskapet - 19.05.2015

1. Kommunestyret godkjenner avtalar med eigarane av gnr 60, bnr 143, 206 og 276 om makebyte av areal for offentleg tilkomstveg til bustadområde indre Moltumyr, slik desse ligg føre og vist på vedlagt kartutsnitt.
2. Ordførar får fullmakt til å signere avtalane på vegne av kommunen og til å rekvirere oppmåling og gjennomføre eigedomsoverdraging.

PS 97/15 DETALJREGULERINGSPLAN FOR MYKLEBUSTVATNET VEST II - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.05.2015

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsendring for Myklebustvatnet Vest II, med planomtale inkludert vedlegg av 22.01.2015 og tilhøyrande reguleringsføresegner sist revidert 24.04.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

PS 98/15 DETALJREGULERINGSPLAN FOR FV 654 INDRE HERØY KYRKJE - STOKKSUNDBRUA. SLUTTBEHANDLING.

Møtebehandling:

Planleggar Hallvard Rusten orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.05.2015

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av PBL § 12-12, detaljreguleringsplan med tilhøyrande reguleringsføresegner for FV 654 Indre Herøy Kyrkje – Stokksundbrua, begge sist endra 27.03.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

PS 99/15 REGULERINGSENDING FOR DELER AV TROLLEDALEN - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.05.2015

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsendring for Trolldalen gnr 55 bnr 19 m.fl, med planomtale inkludert vedlegg av 09.03.2015 og tilhøyrande reguleringsføresegner sist revidert 13.04.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

PS 100/15 INNFARTSVEG FOSNAVÅG. GRUNNAVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG EIGARAR AV GNR 37, BNR 506.

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Tilråding i Formannskapet - 19.05.2015

PS 101/15 RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE , HEILSKAPLEG ANALYSE 2015

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.05.2015

1. ROS-analyse, heilskapleg analyse 2015, vert teken til vitande.
2. Ved revidering av beredskapsplanen vil kommunestyret at det skal lagast handlingplan knytt til:
 - a. stormflo, bølgepåverknad og vind
 - b. brann, eksplosjon, kjemikalieutslepp og anna akutt forureining
 - c. ulykker knytt til skipsfart
 - d. mangel på informasjon- og kommunikasjonsinstallasjonar
 - e. bortfall av infrastruktur

Vedtaket er gjort med heimel i sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2.

PS 102/15 BUSETTING AV FLYKTINGAR 2014-2016

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.05.2015

1. Herøy kommune kan ta i mot og busette inntil 10 ekstra flyktingar i 2015 og 2016. Dette kjem i tillegg til dei 10 vi har vedtatt å ta i mot i K-sak 153/09.

2. Det ekstra integreringstilskotet skal gå uavkorta til arbeidet med flyktingane, jmf utrekning i saka. Avdelingane vil justere budsjettet når kommunen veit kor mange born og vaksne som kjem. Det vert lagt til grunn at det ikkje er rom for nye tiltak utover ramma av integreringstilskotet.
3. Alle ressursar knytt til stillingar skal vere engasjementsstillingar på 2 år, med moglegheit for forlenging gitt den vidare situasjonen.
4. Eigedomsavdelinga må skaffe private bustadar om der ikkje er ledige kommunale bustader

MØTET SLUTT!

DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE

**DS 6/15 Serverings- og/eller skjenkebevilling - søknad om endring 06.05.2015
00:00:00 PEN THORSETH THAI-GODSAKER**

REFERATSAKER

**RS 25/15 Årsrapport og -rekneskap 2014 for Stiftinga Sunnmøre Museum
Årsrapport og -rekneskap 2014 for Stiftinga Sunnmøre Museum 08.05.2015
00:00:00 Stiftinga Sunnmøre Museum**

**RS 26/15 Møtebok frå ordinær generalforsamling i Tussa Kraft AS Møtebok frå
ordinær generalforsamling i Tussa Kraft AS 24.04.2015 00:00:00 Tussa Kraft AS**